



Kari og Ingebjørg vann begge KM på Voss. (Foto: Svein Ove Bråtun)

Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland er store langrennstalenter og det var ein eineståande prestasjon av dei to uskedalingane å vinna kvart sitt KM i BKK-rennet i Bulken på Voss denne helga.

Det understrekar ein stolt leiar av ski- og friidrettsgruppa i idrettslaget Ole Vidar Monsen for uskedalen.no.

Dei to jentene gjekk begge 5 kilometer klassisk, Kari i 15-årsklassa og Ingebjørg i 16-årsklassa.

Dei plar alltid kniva om den beste tida og den litt eldre Ingebjørg har som oftast vore den raskaste. Men denne gongen var Kari raskast og det hadde truleg samanheng med at Ingebjørg har vore sjuk i det siste.

Kari kom inn på tida 24,43 medan Ingebjørg fekk 25,11, altså ein differanse på 28 sekundar.

Kari hadde så god margin til nummer 2 Henriette Kolås Andersen frå Ulvik som eitt minutt og 16 sekund.

Begge jentene frå Uskedalen gjekk så fort at dei ville plassert seg på andrelassen i seniorklassa.

Veteranar i laget som hugsar godt strekar under kor inestående prestasjonen til jentene er. Dei opplysar at ein må rundt rekna 20 år attende for å finna ein krinsmeister i langrenn frå Kvinnherad og Uskedalen. Det var Stig Framnes som vann juniorklassa, .

Den arrangerande klubb Bulken tok 3 klassesigrar, men Uskedalen var altså ikkje så mykje dårlegare.

Av Ola Matti Mathisen